

Referat foreldremøte 5.klasse 16.september 2019

Anita og Lisbet ynskjer velkomen til møte og presenterer seg sjølv. Lisbet er klassekontakt for B klassen, men har A klassen i samfunnsfag og gym.

Anita er klassekontakt for A klassen, men har B klassen i musikk og engelsk.

Viser kjapt ordensreglane for klassen. Desse blir ikkje gjennomgått på møte, men sendt på mail til alle foreldra. Ellers kan ein finne dei på nettet.

Det blir informert om kva dei har jobba med sidan oppstart av skuleåret. Blant anna har dei laga liste om;

- Kva er ein god klassekamerat
- Kva er ein god lærar

Lisbet og Anita informerer om klassemiljøet. Det ikkje er dårlig klassemiljø, men at dei registrerer gruppedannelser og at det er ein del negative kommentarar mellom elevane. Nokon føler seg aleine, og nokon kjenner seg utestengt.

Lærarane ber foreldra om å kome med innspel på kva lærarane og foreldra kan gjere for å forhindre at klassemiljøet blir dårlig. Foreldra som er på møte går saman i grupper og skriver ned forslag til tiltak, som etterpå blir lest opp i plenum. Lisbet skriv ned. Ho skal sende lista ut på mail.

Trivselsleiarar:

- A klassen- Kaja Elise og Markus
- B klassen- Emma Sofie og Trym S

Lærarane informerer om at dei har fått tilbakemelding frå nokon av elevane om at det er for mykje lekser. Nokon av foreldra på møte synst ikkje det er for mykje lesing, heller tvert imot. Lærarane tar dette til etterretning.

Lærarane seier dei har forståing for om barna av og til er for trøtte eller for slitne til å gjere lekser. Ber foreldra sende ein mail og melding om barna ein dag ikkje får gjort leksene sine. Husk å skriv kven melding er frå. Ein fortsette å ringe skulen når barnet ditt ikkje kjem på skulen ein dag og at ein heldt fram med å skrive i meldingsboka om barnet ditt har vore sjuk.

lisbet.dyrkolbotn@radoy.kommune.no
anita.skjelnes.milde@radoy.kommune.no

Dei som ikkje kjem seg inn på Visma eller ikkje får mail frå Visma må gje beskjed til skulen. Klassekontakt dette året er Maria Thingnes og Jarle Brandsdal

Referent: Maria

